

Kulturminneplan

Øystre Slidre

kommune

2021-2033

Forord

HØYRINGSUTKAST

Innholdsliste

1 Innleiing	3	3.6 Jakt, fiske og fangst	14
1.1 Bakgrunn og mål med planen.	3	3.7 Stigar, ferdselsårer og knutepunkt	15
1.2 Føringer.....	3	3.8 Handverk	16
1.3 Prosess og involvering	4	3.9 Folkemusikk.....	16
1.4 Avgrensingar og utfordringar	4	3.10 Krigsminner.....	17
2 Status for kulturminnevernet.....	4	4 Strategi og handlingsplan.....	17
2.1 Viktige føringer og lovverk.....	4	4.1 Handlingsdel	17
2.2 Kva er eit kulturminne?	5	5 Oppslagsdel	17
2.3. Juridisk og økonomiske verkemiddel	5	5.1 Omgrep og definisjonar.....	17
3 Kulturminne og kulturmiljø i Øystre Slidre.....	5	5.2 Aktørar i kulturminnevernet.....	18
3.1 Automatisk freda kulturminne.....	6	5.3 Tilskotsordningar	18
3.2 Kulturminne knytt til landbruket	8	6 Kjeldeliste.....	19
3.2.1 Stølsmiljø	8		
3.2.3 Læger	9		
3.2.4 Andre element ved stølsmiljøet.....	9		
3.2.5 Bygningsmiljø og tun.....	10		
3.3 Kyrkjer, skular og andre bygningar.....	12		
3.3.1 Andre bygningar	13		
3.4 Stader.....	13		
3.5 Industri	13		

1 Innleiing

Kva er Øystre Slidre sin identitet og særpreg? Finn me det i det som er definert som kulturminne, og kva er eit kulturminne? Og korleis skal kulturminna sikrast og forvaltest for framtida?

Det er noko av det ein kulturminneplan skal svare ut. Kulturminne, miljø og landskap spelar ei viktig rolle når ein skal definere Øystre Slidre sitt særpreg.

1.1 Bakgrunn og mål med planen.

Kommunestyret vedtok i mars 2020 ein planstrategi der det sto at det skulle utarbeidast ein kulturminneplan.

Kommunen har eit ansvar for å ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø (heretter går kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap under ei felles nemning kulturmiljø), slik at også dei neste generasjonane kan ha nytte og glede av dei. Kulturmiljø kan brukast som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. For å ta vare på kulturmiljøa er det viktig å ha eit medvite forhold til dei, og vere klar over kva verdiar dei representerer. Det er heller ikkje mogleg å ta vare på alle, og me må i eit dynamisk og moderne samfunn gjere avvegingar mellom utvikling og vern. I denne samanhengen kan ein kulturminneplan vera eit nyttig verktøy for kommunen.

Kulturmiljø, kulturlandskap og kulturminne som kan kartfestast, altså fysiske bygningar eller område som klart kan avgrensast, er hovudelementa i kulturminneplanen. Det kan også vere ein god reiskap for å formidle verdien av kulturmiljø og auke kunnskapen om Øystre Slidre si historie og utvikling. Planen skal bidra til å auke kompetansen på kulturminnefeltet, og kanskje bidra til å lage eitydlegare fordeling av ansvar og arbeidsoppgåver

knytt til forvaltning og formidling av kulturmiljø i kommunen.

Målsettinga med kulturminneplanen er at den skal:

- Vere eit styringsdokument for revidering av arealdelen, og gi grunnlag for utarbeiding av hensynssoner og føresegner som ivaretek kulturminne
- Vere lett tilgjengeleg og informativ, med bilete og kartutsnitt
- Tiltaksplan/handlingsplan skal foreslå tiltak for vidare registrering, forvaltning og formidling av kulturarven.

Kulturminneplanen er tematisk bygd opp og er ein fyrstegenerasjonsplan og er difor ikkje uttømmende. Tanken er at planen i fyrste omgang skal syne fram eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø og immaterielle kulturminne i Øystre Slidre, og så kan seinare revideringar av planen «fylle på».

1.2 Føringer

Internasjonale føringer som pregar kulturminnearbeidet er m.a. FARO-konvensjonen og UNESCO sin konvensjon om kulturelt mangfald.

Gjennom lovverket har ein kulturlova, kulturminnelova og ikkje minst plan- og bygningslova, som er kommunen sitt viktigaste reiskap i forvaltninga av areal og handsaminga av byggesøknader.

Det er fleire **stortingsmeldingar** som gjev føringer for arbeidet, særleg er St. meld nr 16/2019-2020 «**Nye mål i kulturmiljøpolitikken**» (2019-2020) sentral her. Der står det at:

- *Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.*
- *Kulturmiljø skal bidra til bærekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging*

– *Eit mangfald av kulturmiljø skal tas vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.*

Det er ei forventning frå staten at kommunen registrerer og verdiset kulturminne- og kulturmiljø som har lokal verdi og innarbeider desse i planar etter plan- og bygningslova.

I tillegg har St.meld. nr 16 (2004-2005) **Leve med kulturminner**, St.meld. nr. 22 (2004-2005) **Kulturminner og næring** og Meld. St. 35 (2012-2013) **Framtid med fotfeste**.

Innlandet fylkeskommune har per dags dato ingen planar på temaet, men er eit sentralt organ her. Gamle Oppland fylkeskommune hadde ein regional plan, kalla kulturarvstrategi 2015-2020, men kommunen ser ikkje at den er vidareført i arbeidet i den nye Innlandsstrategien.

Sentrale lokale rammer

Av kommunen sine eigne planar er både planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel førande. I planstrategien er kulturminneplan ei prioritert planoppgåve med oppstart i 2020. I samfunnsdelen er eit av strategipunkta at kulturminne skal i større grad bli løfta fram som kjelde til kunnskap og oppleving. Kommunen kan gjennom sin SMIL-strategi støtte kulturminne som er knytt til landbruket.

Kjerneområde i landbruket (2013) er eit større dokument som har identifisert viktige kulturlandskap og stølsområde som kulturmiljø som er viktige å ta vare på. Her er det gjort eit godt stykke arbeid, og kommunen bør gjere ein jobb med å få datafilene over i eit nytt format.

Stølsprosjektet i Øystre Slidre (2003-2005) er ein grundig rapport som har sitnenaturforhold, landbruksnæring og kulturmiljø som til saman skapar stølsfjellet.

1.3 Prosess og involvering

Arbeidet med kulturminneplan har vore styrt av kommuneplanleggar og kultursjefen i kommunen.

Det er blitt sett ned ei ressursgruppe med personar frå historielaget, spel- og danselaget, vernevøla og andre med interesse og kunnskap innanfor fagområdet. Vidare har ein fylgt opp arbeidet med fleire møte med ressursgruppa, fyrste i starten av desember 2020. Grunna innstrammingar i regelverket rundt covid-19 har det blitt svært vanskeleg å halde opne møte.

1.4 Avgrensingar og utfordringar

Avgrensingar

Kulturminneplanen vil få eit tyngdepunkt i dei fysiske kulturminna, slik som bygningsmiljø, stølsmiljø og tun. Dette fordi planen i 2021 og 2022 skal brukast som eit underlag til revidering av arealdelen.

Planen skal leggjast til grunn for kommunal verksemd og vere retningsgivande for kommunen si planlegging. Planen i seg sjølv gir ikkje grunnlag for vern av kulturminne, men kan peike på behov for dette. Planen gir heller ikkje løyve til støtte eller midlar, men kan brukast som underlag i søknader.

Utfordringar

Økonomi

Det kan vera dyrt å ta vare på kulturmiljø, – men og ein ressurs innanfor kulturarvsbasert næring som gardsturisme, småskala matproduksjon og stadeigen næringsutvikling.

Klimaendringar

Klimaendringar gir mange nye utfordringar, m.a. ivaretaking av eldre bygningar. Forfallet av kulturminne

går fortare i mildare og fuktigare vør. Å setje i gang med sikringstiltak for å hemme påverknaden klimaendringar har på kulturmiljøa er kostbart og må også sjåast i samanheng med punktet under.

Samfunnsverdi

Det er ulikt syn på kva som har ein verdi eller ikkje. Det som for enkelte kan oppfattast som ein gamal og utdatert bygning vil for andre ha stor verdi. Ulik verdisetting kan bli definert ut i frå kva «briller» ein har på. Til slutt kjem kostnadsspørsmålet med å ta vare på kulturmiljøet opp mot samfunnsverdien.

Innskrenka råderett

Freding eller vern av eit kulturminneobjekt eller eit kulturmiljø gir normalt negative økonomiske konsekvensar. Istandsetting og vedlikehald kostar ofte mykje pengar. Enkelte kulturminne eller kulturmiljø kan genererer inntekter, men det er unntaket. Men normalt vil vern av faste kulturminne medføre ei viss plikt til å restaurere og vedlikehalde hjå den som eig grunn eller bygning.

Bevare eller endre?

Eit statisk eller dynamisk samfunn? Det er ein del utfordringar i spennet mellom vern og utvikling. Ein del kulturminne er ressurskrevjande å ta vare på. I mange høve er det ikkje mangel på kunnskap om føremålet med kulturvernet som er avgjerande, men tilgangen på ressursar for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane.

Prioritering

Ikkje alt kan takast vare på, verken når det kjem til økonomi eller det praktiske. Det er difor nødvendig med ei medviten prioritering basert på gjennomtenkte val, faglege vurderingar og ein tanke om at utvalet av kulturminne skal vera representativt for kommunen.

2 Status for kulturminnevernet

2.1 Viktige føringar og lovverk.

Kulturminneloven

Kulturminneloven vernar om kulturminne og kulturmiljø, m.a.o. objekt og område som har kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Lovføresegna omfattar faste kulturminne som byggverk og anlegg, med eit område rundt sjølve objektet (kalla hensynssoner etter plan- og bygningsloven), lause kulturminne, båtar, skipsfunn og kulturmiljø. Lova (§4) definerer automatisk freda kulturminne, som er alle kulturminne frå før 1537, ofte også kalla fornminne.

Plan- og bygningsloven

Loven er kommunen sitt verktøy i kulturminnevernet. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av areal. Planprosessen skal og sikre openheit, føreseielegheit og medverknad.

Plan og bygningsloven gir heimel til å sette av areal i hensynssoner for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø. Loven har m.a. i §31-1 heimel til å stille krav til bevaring av eksteriør på verneverdige bygningar, og §29-2 omhandlar visuelle kvalitetar i seg sjølv og i høve til omgivnadane. Fylkeskommunen si rolle i høve til slike saker er å vere fagleg rådgivar. Fylkeskommunen har også mynde til å gå til motsegn til planforslag og klagerett i byggesaker.

Gjennom plan- og bygningsloven kan ein verne område eller objekt som har lokal og regional kulturminneverdi. Dette kan gjerast gjennom arealdelen og/eller reguleringsplanar. T.d. med bruk av hensynssoner §11-8 c) eller **omsynssone bevaring** etter § 12-5 nr 5 er det

anbefalte reguleringsføremålet for kulturminne som er freda. Føremålet kan med fordel også nyttast for å sikra omgjevnaden rundt eit freda objekt. Utval av det som skal regulerast til bevaring, må gjerast med bakgrunn i fagleg grunngjeving. Reguleringsplanen bør difor verta utforma i samråd med regional kulturminneforvaltning (kulturarvavdelinga i fylkeskommunen).

2.2 Kva er eit kulturminne?

Kulturminne er definert etter kulturminneloven §2 som *alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.*

Vidare står det at *..eit kulturmiljø er område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng.* Kulturmiljø kan fortelje om den historiske utviklinga i kommunen, kontinuitet og endringar. Dei kan seie noko om menneske sitt forhold til kvarandre og menneske sitt forhold opp gjennom tidene til det sosiale, religiøse og rituelle liv. På den måten kan kulturmiljø hjelpe oss å betre forstå vår eiga tid.

Kulturminne og kulturmiljø er gode kunnskapskjelder til vår forståing og tolking av fortida. Opplevingsverdien av eit kulturminne er ulik. Eit kulturminne kan skape gjenkjenning og kjensle av å høyre til og har ulik verdi.

Planen vil ta for seg både nyare og eldre kulturminne. Kulturminne frå før 1537 blir rekna som eldre tid og er automatisk freda, medan kulturminne yngre enn 1537 blir rekna som nyare kulturminne. Temaplanen tek for seg både eldre og nyare tid sine kulturminne, landbruk, kulturlandskap, bygningar, gamle ferdselsårer, samfunnsinstitusjonar, krigsminne, næring, kunst, industri, kyrkjer og vassdrag.

Immaterielle kulturminne

Her kjem det som ikkje er faste kulturminne og ikkje gjenstandar. Dans, song, musikk, handverk, husflid, diktning og språk kan definerast under dette.

Bygningar og område i SEFRAK

Kommunen har liste over bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret. Dette arbeidet blei gjort på 80-talet, og det blei registeret over 1500 bygningar. SEFRAK gir ikkje noko vern, og truleg er mange av bygningane rive eller blitt borte med tida. Får kommunen melding om riving eller ser at bygget er blitt borte tar ein det vekk frå SEFRAK-registeret, men det er ikkje nødvendigvis alltid ajourført. Det er ikkje blitt gjort etterregistreringar, så er bygningane frå etter 1900, er dei ikkje registrerte. Det er ei rekkje flotte bygningar og bygningsmiljø som har kome til etter 1900, som no 40 år etter registreringane kanskje skulle vore med i SEFRAK-registeret til kommunen. I kartbasen valdreskart.no er SEFRAK-bygningar merka som trekantar, enten raude, gule eller grå.

2.3. Juridisk og økonomiske verkemiddel

Omgrepa freda, verna og verneverdig blir mykje brukt om ein annan. Mange kulturminne og –miljø er verneverdige, men har ikkje eit formelt vern med heimel i lov eller gjennom andre verkemiddel. Skal det vera freda, skjer det i hovudsak gjennom kulturminneloven, men det kan også vera verna etter plan- og bygningsloven, kirkeloven eller naturmangfaldloven. Andre verkemiddel for vern er gjennom statlege verneplanar, listeføring og tilskotsordningar. Er eit kulturminne eller kulturmiljø verneverdig har det gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Me kan dele dei opp i nasjonal verdi, regional eller lokal verdi. Dei fleste kulturminna og miljøa som har nasjonal verdi blir verna. Freding er den strengaste form for vern, og det inneber at inngrep/endringar på kulturminnet, som går

utover vanleg vedlikehald, må godkjennast av myndighetene.

For å sikre eit kulturminne og kulturmiljø for ettertida er det for kommunen lettast å starte med å følgje det opp og «verne» det gjennom i kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar. Vidare seier kulturminneloven at departement kan vedta freding for enkeltminne og kulturmiljø. I tillegg kan dei frede området rundt eit kulturmiljø, såkalla hensynssoner, gjennom enkeltvedtak etter kapittel 5 i kulturminneloven.

3 Kulturminne og kulturmiljø i Øystre Slidre

Administrasjonen og ressursgruppa har gjort eit utval av kulturminne og kulturmiljø i Øystre Slidre. Ved revidering av planen kan kulturminna få ein grundigare omtale, og ein kan også «fylle på» med fleire kulturminne.

Litt historie henta frå «Gamle hus i Øystre Slidre»

Det er gjort funn her som tilseier at det har vore busetnad her sidan bronsealderen. Mest kjende er gravhaugane ved Sebu, Skattebu og Beitostølen. Det er også gjort forfunn på Alfstad, Melby og ved Hanakne. Gardsnamna i bygda kan også fortelje oss om den tidlegare busettinga. Vin-namn tyder på at garden er rydda før vikingtida. I Øystre Slidre finn me namn som Vårum (Vordvin), Sele (Seljuvin), Løkjen (Leikvin) og Røyne (Reinvin). Frå Røyne kom truleg ein av landnåmsmennene på Island. I Landnåmsboka er «Reyni-Bjørn» frå Valdres nemnt som ein av busettarane på øya omkring år 900. Andre gardar som truleg vart rydda om lag samstundes med vinn-gardane er Li (Lidar) Hovi (Hov), Hegge, Rogne og Dale. Dei mange stadnamna i bygda er truleg frå sjølv vikingtida. Ein har også kjennskap til ymse kyrkjer som har stått her i gamal tid. Den eldste som står att er Hegge stavkyrkje frå 1216.

I gamal tid gjekk trafikken mellom Austlandet og Vestlandet gjennom det vestre Slidre-dalføret. Dette gjorde bygda «austa åsen» litt avsides. Om ein ser på kva innbyggjarane i dei to Slidrebygdene er blitt kalla, glir det også inn i biletet. Øystreslidringen sitt namn var «Øystreæsing», medan vestreslidringen vart kalla «Heimdræsing». Heimsida var altså vesta åsen. Bygda si plassering i den nordre delen av Valdresregionen har også hatt innverknad på byggeskikken. Det tok ei stund før dei nye ideane frå inn- og utland spreidde seg hit. 1849 er eit viktig årstal i Øystre Slidre si historie. Områda på begge sider av «åsen» hadde sidan reformasjonen vore samla i Slidre prestegjeld. Etter formannskapsloven av 1837 også som sjølvstyrt herad. I 1847 vart fyrst prestekallet delt i øystre og vestre, og to år seinare vart det gjort formelt vedtak om å dele formannskapsdistriktet i to. Øystre Slidre vart no eige herad. Elles var 1800-talet her som elles i landet prega av den store folkeauken. Det var trengt om plassen på gardane, noko som førte til fleire bruk vart delte og nye rydda.

Kulturlandskapet vart ein del endra i denne perioden. All plass måtte utnyttast, og busetnaden kraup stadig lenger oppover i dalsidene. Me finn i dag t.d. heimstølar som tidlegare har vore husmannsbruk. Etter 1860 letta folkepresset noko.

Husmannsvesenet er også ei viktig side ved Øystre Slidre si historie. Frå 1700-talet steig talet på husmenn raskt, og denne gruppa utgjorde etter kvart ein stor prosent av folkesetnaden. Kåra til husmannsfamiliane var dårlege. Fattigdomen kom også til syne på bruka dei rydda. Oftast var husa små og fattigslege. Likevel var gardsbruka forholdsvis jamstore i Øystre Slidre. Bønder med eige småbruk hadde ofte ikkje betre kår enn husmennene. Det var også få «storgardar» i bygda. Jordbruk med feavl har frå gammalt av vore den viktigaste næringsvegen i Øystre Slidre. Skiferjorda gir godt grunnlag korndyrking og det er gode og store beiteområde for kyr både i bygda og på fjellet.

Store industriføretak har aldri stått sentralt i næringslivet i bygda. Eit unntak er likevel skiferdrifta. Heilt sidan 1700-talet har det vore aktivitet i skiferberga i Rogne og taksteinen vart etter kvart ei etterspurd vare både i Øystre Slidre og i grannebygdene, i 1899 vart Valdres Skiferbrudd a/s skipa, og arbeidet vart meir organisert. Føretaket eksporterte også store mengder skifer til utlandet, og var lenge den største arbeidsplassen i Valdres med over 100 tilsette. I dei private gruvene var det om lag like mange tilsette.

På slutten av 1800-talet starta også reiselivsnæringa si utvikling. I kring 1850 var det skyss-stasjonar på Rogne, Nordtorp og ein Beito-gard. Etter kvart vart Skammestein og Rogne «stasjonane» i bygda. Nærare århundreskiftet vaks det fram fjellhotell og sanatorier over heile Valdres, også i Øystre Slidre. Somme starta med å ta imot gjester i stolsselet sitt, og utvikla dette seinare til fjellstover eller hotell. Beitostølen, som i dag er Øystre Slidre sitt mest kjente andlet utover, vart som turiststad utvikla på byrjinga av 1900-talet. Men verkeleg kjend vart ikkje området før i 1960-åra. Erling Stordahl sitt arbeide med funksjonshemma på helsesportsenteret på Beitostølen, har gjort kommunen kjent både i inn- og utland.

3.1 Automatisk freda kulturminne

Eit automatisk freda kulturminne er i hovudsak eit kulturminne frå 1537 eller eldre. Kulturminna er freda direkte gjennom lovteksten til kulturminnelova. Etter §6 har dei freda objekta ei sikringssone på 5 meter rundt seg.

Det er **1173** automatisk freda kulturminne registrert i kommunen. Mange av desse er registrert gjennom Lidar-skanninga og kan sjåast i valdreskart.no. Her brukar ein infraraudt laserlys til å måle avstandar til terreng og objekt. Teknikken kan syne spor under

vegetasjonsdekket og dermed er det enklare å lokalisere minne. Det har blitt utført laserskanning i aktuelle utbyggingsområde i kommunen. Dei automatisk freda kulturminna er merka med ein rune-R i kartdatabasen Valdreskart. R'ane med rosa bakgrunn er i frå lidar-skanninga. På **kulturminnesok.no** finner me dei fleste automatisk freda kulturminna, der enkelte av dei er omtala.

Nordafor Vinstre er det gjort fleire spennande funn frå steinalderen dei siste åra. Det er mellom anna funne fleire pilspissar, ein funnen på Vingstulen austom Vinstre (Figur 1).



Figur 1. Funnstad for pilspiss ved Vingstulen, austom Vinstre. (henta frå kulturminnesok.no)

Dei eldste spora i Vinsterområdet er 8500 år gamle!

I 2014 blei det funne ei jegergrav frå omtrent 500 e.Kr. I 2016 blei det gjort funn som kan stamma frå vikingtida. Då blei det funne ei spenne ei kvinnegrav til det som truleg har vore ei budeie under vikingtida. Det er i hovudsak gjort funn rundt det som i dag er Mørstadstølane.

Ein pilspiss av jern, omtrentleg 15 cm lang, vart funne av Oskar Svenkrud., ved eit ausvendt jorde ned mot Volbufjorden då ein rydda dei gamle hustuftene.



Figur 2. Funnstad for pilspiss ved Volbufjorden

Det blei i 1908 funne ein relikviekross på garden Myrvoll. Dette blei levert inn til Oldsaksamlinga i 1914. Krossen blei funnen i nærleiken av der den tidlegare Stavadalskyrkja skal ha stått. Kan hende at krossen har

tilhøyrt kyrkja. Krossen er truleg frå starten av 1400-talet.



Figur 3. Myrvollkrosset, funnen i 1908.

Bøgahi

Bøgahi var skjul for villreinjegerar med pil og boge. Når reinen trekte fram eller vart jaga mot toppen stod dei i skjul bak store steinar og kunne skyte reinen utan å bli oppdaga. Gode døme på bøgahi finn me m.a. på ryggen av Stor Nuten, her skal det også vere dyregraver.



Figur 4. Bøgahi ved kommunegrensa til Vågå. Frå kulturminnesok.no

Dyregraver

Dyregravene var store hol, gjerne med ledegjerde av stein som leda dyra mot hålet. Etter at det vart forbod mot å nytte fangstgraver til jakt, vart mange av gravene fylt att med stein og difor vanskelege å oppdage. Det er to jervegraver i Vang, rett utanfor kommunegrensa til Øystre Slidre. Det er ei dyregrav vest for Bitihorn og ei nord for Bitihorn.

Vest for Rjupetjednet, frå Hølmen til Gravolstjednet, er det funne heile 12 fangstgraver langs sandhaugane. I Velumskaret opp i Bitihorn ligg det fire fangstgraver for villrein og ei for jerv. Det største fangstanlegget med dyregraver og ledegjerde finn ein aust for Gravskaret ved Gråhø nord for Vinstervatn. Det er vanskeleg å sjå/finne dyre- og fangstgraver fordi dei ofte er steina att eller dekt med tunge heller slik at dyr ikkje skal gå i dei.

Tjørebrenning

Frå gammalt av vaks det furuskog i fjella i Øystre Slidre. Det var stuvane og røtene av denne skogen som var grunnlaget for tradisjonane med tjørebrenning. Tjøra vart nytta til å impregnere hus og båtar.

Trekolgroper

Trekolet som vart nytta til jernutvinninga, vart brent i store, runde hol. Slike hol finn me mange av, og 34 av dei er registrerte (2017), mellom anna fleire i Beitostøl-området. Ofte ligg det to ved sida av kvarandre. Desse hola ligg og i nærleiken av sinderhaugane, der jernet vart framstilt.

Jernvinneanlegg og sinderhaugar

Me finn mange synlege minne etter framstillinga av jern, noko som heldt fram til byrjinga av 1800-talet. Men særleg var det mykje produksjon i Beitostølsområdet på 1100 og 1200-talet. Jernproduksjon her i landet går heilt tilbake til omkring 500 f.Kr.

Riksantikvaren har registrert heile 47 jernanlegg i Øystre Slidre, mange av dei i fjellet. For utan å produsere til eige bruk, vart det ei periode også selt jern til utlandet, m.a. til England. Jernet framstilte dei av myrmalm, som det var mykje av i myrene, om lag 20-50 cm under overflata. Malmen vart grave opp av myra og turka før han vart varma opp over trekol i spesielle omnar. Slagget (avfallet) vart tappa ut gjennom ein avløpskanal frå omnen og jernet vart liggjande att som ein glødande klump og teke opp med ei tang. Det vart mykje avfall etter denne produksjonen, og desse haugane blir kalla sinderhaugar.

Gravhaugar

Det er registrert 33 gravminne ved Skattebu i Rogne, og på Idstad i Volbu kan ein sjå fleire større gravhaugar. Gravminna har ikkje vore opna, så kva som skjuler seg under jorda, er det ingen som veit. Desse gravminna er merka i kommuneplanen sin arealdel. Det finst også andre gravhaugar rundt i kommunen.

Utanom dei automatisk freda kulturminna som er registrert, har me også registrerte kulturminne i desse dokumenta og/eller registrerte områda:

- SEFRAK-registrering av bygningar eldre enn 1900, både skriftleg og digitalt.
- Kulturminne i riksantikvaren sin database Askeladden skanning.
- Stølskartlegginga i Øystre Slidre (2003-2005)
- Kjerneområde i landbruket. Temakart kulturmiljø: Bygningssmiljø (gardstun), gamle ferdselsårer, kulturminne i/ved vassdrag, heimstølsmiljø, langstølsmiljø, kulturbasert biologisk mangfald.

3.2 Kulturminne knytt til landbruket

3.2.1 Stølsmiljø

Øystre Slidre er framleis ein av dei største

stølskommunane i landet, sjølv om talet på aktive stølar har gått ned. På midten av 2000-talet blei det gjort eit stort og grundig arbeid som er samla i ein rapport kalla «Stølsprosjektet i Øystre Slidre». Eit utdrag frå den er teke med her, som skildrar stølsfjellet.

Stølsfjellet i Øystre Slidre kan grovt sett delast inn i tre soner: Lengst mot nord, frå Skaget til Jotunheimen, ligg stølane overfor skoggrensa ved foten av høgfjellet. Landskapet her ligg ope for vestavinden og omgjevnadene ber preg av eit tørt klima når veret står på. Men dette landskapet er også prega av lange samanhengande sørvendte lier med godt beite. Stølane ligg oftast spreidd utover eller nokre få i klyngje. Dei er fyrst og fremst beitestølar, sjølv om vollane nok alltid vart slått tidlegare. Dei færreste stølane her har stølsjord som kan haustast maskinelt.

I dei midtre delane av kommunen, frå Beitostølen og sør til Mellane - Fjelldokkvatnet, finn vi 'stølsvidda', så typisk for store deler av stølsfjellet i Valdres. Eit vidt ope og bølgljande landskap med slake avrunda ryggar og store myrflater vekslande med fjellbjørkeskog og ope mark. Skoggrensa er ofte kunstig låg som fylgje av mange hundre år med hogst og beite. Landskapet gror i dag raskt til att med ny skog av fjellbjørk og gran. Stølane på 'stølsvidda' ligg oftast mange saman i sørvendte lier, og det er heller ikkje langt mellom stølsлага. I tillegg til dei gamle stølsvollane, finn ein her ofte store areal som er oppdyrka i løpet av dei siste femti-seksti åra, og kor mykje før har vore dyrka og køyrt heim til bygda.

Heilt sør i kommunen, sør og aust for Mellane, finn ein nokon store stølsлага som ligg i grensa mot barskogen, i lune sør- og vestvendte lier, ofte ned mot eit vatn eller dalføre. Frodig granskog dannar tregrensa, nesten utan bjørk i det heile. Stølsjorda er ofte jamn og lett, og vi finn mykje gamle dyrkingsspor, som steingardar og røyser, og mykje av jorda er maskinjord. Den beste jorda her kan også i tidlegare tider ha vore oppdyrka, og kan hende har

det også ein gong vore fast busetnad her, i alle fall nokre stader.

3.2.2 Stølar

I lang tid har landbruk vore den viktigaste næringa for folk i Øystre Slidre, og før var stølen heilt avgjerande for drifta. Jorda heime måtte nyttast til korn, potet og liknande. Og difor vart hamne og slått i fjellet svært viktig. Det er framleis mange aktive stølar i kommunen, sjølv om det blir færre og færre. Me ynskjer å få med nokre av dei stølane som er mest mogleg heilskapleg i kulturminneplanen, då me ser at det har større kulturminneverdi enn enkeltbygningar inne i stølsområda. Det er mange konkrete kulturminne i eit stølsmiljø; saltheller, torvtak, sløer, bryggesteinar, båstøer, leikeplassar, samlingsplassar og rydningsrøyser for å nemne noko. Gjennom kartlegginga i samband med stølsprosjektet blei det utarbeid ein kulturmiljøindeks (Stølsprosjektet, 2005) over stølsmiljø i 33 av 57 stølslag, der 22 fekk høg verdi og 2 fekk svært høg verdi. Av den heilskapelege vurderinga av stølsmiljø tilbake i 2005 scora Liè (sør i kommunen) og Mørstadstølen (nord i kommunen) høgast utifrå den indeksen. Ser ein på kartlegginga av SEFRAK bygningar kom **Rognsfeten, Glåmstølen og Mørstadstølen** høgt (over 45% med SEFRAK-bygningar).

Stølsdrifta på Rabalen, Buahaugen og Bukono er vanskeleg å tidfeste, men er omtala i eit dokument frå 1356. Det er også omtala i eit skriv frå 1419. Det blir då dei eldste omtala stølane i Øystre Slidre.

I Øystre Slidre har ein ikkje berre hatt ein støl, men 3-4 og kanskje nokre hadde fleire. Dette var oppdelt i heimstølar og langstølar. Dei blei brukt på ulike tider av året etter kvart som våren kom, eller om ein var komen heim frå fjellet på hausten. Stølen der ein var om sommaren låg på fjellet, og vart kalla langstøl.

Liastølen (3/148) på Beitostølen er eit viktig minne om stølskulturen som ein gong var der for ikkje så veldig lenge sidan. Liasalet er om lag tre hundre år gammalt, og representerer ein toroms byggeskikk med skut i mellom. Tømmeret er av svært grove stokkar og er øksehogde og gjev eit svært solid inntrykk. Selet hadde torvtak fram til 2001, då det blei flytta dit det står no. No har det skifta til villheller av skifer frå Øystre Slidre. Opphavleg sto Liasalet på stølen til garden Søre Lien som var i «vanleg» bruk fram til 1978. Liastølen kulturlag leiger tomt på Beitostølen ut 2023.



Figur 5. Liastølen, ei grøn lunge på Beitostølen.

3.2.3 Læger

I Øystre Slidre har me noko me kalla læger. I tidlegare tider var det enkle husvære på sommaren for arbeidskarar som kjøpte krøtera på vår/tidleg sommar og heldt dei gjennom sommaren, før dei blei selde på hausten. Det er frå denne tida/skikken at ordet **læger** kjem frå. Det var Rogne og Volbu soknekaske som leigde ut områda/husværa inne ved Fullsenn, helst til ein lokalmann/bygdemann, som då tok i mot utanbygds fe. Det var eit bestemt tal med dyr dei hadde lov å ha med

seg. Gjeikk dei over dette talet, eller utan om lægeret sitt område, måtte dei betala mulkt til «soknets fattigkasse»

Ved Fullsenn har ein tre stølar som har blitt brukt som stølar, så læger og så tilbake til å vera stølar; **Olægeret**, **Flakstadlægeret** og **Kristensonlægeret**. Desse har tidlegare vore læger, men før den tid var det stølsområde for gardar frå Hedmarken der dei leigde sommararbeite. Stølsområda er difor kalla opp etter gardar frå Hedmarken (t.d. Oe og Flagstad frå Vang på Hedmarken). Omkring 1910 var slutt på å fjernsetring/sende dyr til Valdres.

Dei områda som blei brukt som læger er Haldorbu og Bøllhaug. Haldorbu er framleis fellesbeite. Ovanfor Bøllhaug er det ei slette som blir kalla marknadsplassen. Her kjøpte og selde dei fe, dette vart seinare brukt som hestehamn, så seint som 1960-talet.



Figur 6. Kristensonlægeret, her er det fjøs og sel i same bygning. (53/f413). Foto: Øystre Slidre fjellstyre

3.2.4 Andre element ved stølsmiljøet

Kulturlandskapet har kulturhistoriske og biologiske verdiar som kan bli skadelidande ved attgroing eller nedbygging. Verdiane gjev oss grunnlag for kunnskap og opplevingar knytt til ressursbruken i tidlegare tider.

Slåttemark, også kalla slåtteeenger, er tradisjonelt blitt slått regelmessig for å ikkje gro att. Dei sette sitt preg på kulturlandskapet. Det er ikkje mange slåttemarker att i Noreg, og i Øystre Slidre har me i kartbasen til Miljødirektoratet registrert **38 slåttemarker**. Nokre har mangelfulle opplysningar i registreringane og andre blir framleis halde i hevd. Registreringane er gjort mellom 2000 og 2013. Det er også registrert 4 slåttemyrer i kommunen, t.d. ei kalkslåtteng ved Synhaugen. Det er grunn til å tru at enkelte av desse har «grodd att». Sjå naturbase.no for kart over områda.

Utslåttane var framleis viktige på 1930-talet. Det var viktig å nytte alle fôrressursane som fanst, skulle ein kunne ha fôr til dyra over vinteren. Starr vart også brukt som fyll i sengemadrassen.



Figur 7. Myrslått utanfor Prestheggilandet i Heggifjorden rundt 1900. Bilete henta frå "Før i ti'n", utlånt av Torstein Presthegge

Legohuset Beitostølen blei før i tida nytta som løe og bu, og det var ein plass ein kunne overnatte mens ein dreiv med slåtten. **Lego**, kjem av å ligge, at dei kunne ligge over der og eller kvile seg der. Denne høyrde til stølen (garden) g/b 3-4. 3/984. Eit minne om korleis det var tidlegare på Beitostølen, men er godt skjult, rett på

nedsida av fylkesvegen, nord om Beitostølen.



Figur 8. Legohuset ved Beitostølen, rett nordfor sentrum.


Mjølkebåt på Vinstre. I 1929, då ysteriet på Heggenes var i gang, blei det brukt båt på Vinstre for å hente mjølka på dei om lag 40 stølane. Rundt 18 bryggjer måtte båten legge til, 3 vestom Vinstre og 15 austom. Var det veldig mykje eller lite vatn måtte folk ro ut med mjølkespanna, då båten var for stor eller bryggene var ubrukelege. I tillegg var det også båtskyss inn til Haugseter. Då vegen (Jotunheimvegen) kom i 1954 var det ikkje lenger behov for mjølkebåten og den hadde sin

siste sesong. På stølane måtte ein starte å kjøle ned mjølka når ho skulle leverast til ysteriet. Då blei det grave plassar i bekk eller myr, der mjølka kunne stå kaldt fram til den blei henta.

Rydningrøys er eit menneskeskapt element i jordbrukslandskapet eller i utmarka. Den dyrkbare marka er rydda for stein, som er samla i ei røys, vanlegvis i utkanten og nedst på jordet. Det er vanskeleg å tidfeste rydningsrøysar. Nokre kan vere store og svært synlege, medan andre er mindre og kanskje attgrodde med mose og liknande.

3.2.5 Bygningsmiljø og tun

Før i tida var det storgardar og husmannsplassar. Døme på det me kallar «storgardar» i Øystre Slidre er Sørre Rogne, Løken og Røe. Døme på husmannsplassar er Skattebumarken, Øvre Sele og Nedre Kleiven. Talet på husmenn steig veldig frå 1700-talet og gjorde at fleire hadde dårlege levekår. Dette bidrog til at fleire reiste til Amerika. Vidare har me omtala nokre av gardane og husmannsplassane nærare.



Figur 9. Nedre Kleiven - tidlegare husmannsplass. Hegge kyrkje i bakgrunnen.

Niegarden Robøle (30/1) Her er heile gardsanlegget freds (1982). Det var totalt ni bygningar, våningshus, stogo, buahus, låve, driftsbygning, sauehus, eldhus, smie og løe. Løa som stod på nedsida av vegen, eit stykke unna tunet, er riven. Fleire av bygningane er frå 1700-talet. Bua på garden er frå 1600-talet, den nedre stogobygningen frå rundt 1700 medan øvste bygningen er noko yngre.

Våningshuset er eiit stort lafta hus i to høgder. Inne er grunnplanet delt i tre rom, men det er ikkje akerhusisk. Trappa til andre høgda går opp i gangen ved døra. Huset er frå 1865, men vart vølt i 1980-åra. Vindauga i empirestil er kopiert frå dei opphavlege, og huset har fått ny pipe. Bygningen har hatt bifunksjon som snikkarskule og posthus. **Stogo** er eit våningshus i ei og ei halv høgde som truleg er frå 1700-talet. Huset har vore nytta som kårstogo, sommarstogo og no som gjestehus. Konstruksjonen er i lafta tømmer, bortsett frå svalgangen som er i bindingsverk. Huset er kledd med vekselpanel på tre av sidene. I 1865 vart huset vølt. Taket vart heva og nye vindauger sett inn. Utforminga på desse og

prydningen på døra har empirepreg. **Buahuset** er stort og i to høgder, med gang i midten og eit rom på kvar side. Heile huset er bygd i lafta tømmer, bortsett frå inngangspartiet, som er i bindingsverk. Buahuset har vore lagringsplass for korn, mjøl og mat. **Låven** er treroms og i to høgder. Huset er bygd i lafta tømmer, men på nordsida er ein del i bindingsverk, kledd med over- og underliggjande panel. Bygningen er truleg frå 1700-talet. **Driftsbygningen** er samansett av fleire gamle og nyare hus: stall, fjøs, sauehus, grisehus, do, skut, løe og låve. Det meste av bygningen er lafta, men somme deler er i bindingsverk. Taket er tekt med hoggen skifer bortsett frå på det nyaste tilbygget. Det er ei korntørke frå 1950 som har tak av bølgeblekk. **Sauehuset** er eit stort eittromshus, nytta som sau- og geitefjøs. Huset er bygd i lafta tømmer med raustet i bindingsverk. Fjøsset kan vera frå 1700-talet. **Eldhuset** er eit lite lafta eittromshus med inngang på eine langveggen. Huset er truleg frå 1700-talet, og har også vore nytta som leikestove og lager. **Smie** er lafta med eitt rom og inngang på langveggen. Smia er truleg frå 1700-talet. Ho vart istandsatt i 1987-88 og ligg utanfor sjølve tunet. **Løe** som er stor treroms, i lafta tømmer. På nordsida er det bygd ut ei ark i andre høgda, denne er i bindingsverk. Taket er opphavleg tekt med skifer, men delar av det har seinare fått bølgeblekk. Løa var frå 1800-talet og sto langt utanfor tunet.



Figur 10. Niegarden i Robøle i 1950 åra. Henta frå «Før i tie 2», Utlånt av Inger Robøle Kristiansen.

Tun i Beito (3/10). Her er det fleire SEFRAK-bygningar. Tømmeret i bygningane er omtrentleg 300 år gammalt og muren er spesiell med store steinar, som truleg er over 1000 kg tunge. Diverre står bygningane til nedfalls.



Figur 11. Låve ved 3/10.



Figur 12. 3/10. Bygning ved 3/10

Beitohaugen (2/6). **Våningshuset** er ei påbygd gamal stogo, kjøpt frå Sørgarden i Skammestein. Huset har no to høgder og er panelt utvendig, men interiøret i den gamle stogo er godt teke vare på. **Gamlestogo** er ei lafta stogo frå omtrent 1700-talet, men kom til Beitohaugen omlag 1890. Huset har eit opphaldsrom og eit buarom. Spelemannen Nils Beitohaugen med familie budde i denne stogo. Gamlestogo har torvtak. **Buahuset** er eit

lite lafta hus frå slutten av 1700-talet. Det er i to høgder og har torvtak. **Uthuset** er samansett av fleire hus, stakk med trev, låve med trev, eit lite mellombygg i reisverk og fjøs. Særleg fjøsset er særst gammalt. Heile huset har torvtak. **Smia** er lafta og har skifertak. Truleg frå fyrst på 1800-talet. Nils Beitohaugen var ein flink smed, og denne smia vart ein mykje nytta arbeidsplass for han.

Rett ovanfor tunet står det ein minnestein. Det er til minne om meisterspelemann Nils Beitohaugen (1863-1927). Steinen blei avduka i 1948 og var henta i Heklefjell.

Skattebu (Øvre skattebu) (39/1), tun i Øvre Skattebu med fire SEFRAK-bygningar. Her var det tidlegare eit vognskjul, der folk parkerte syklane sine. Skattebustogo (tidlegare bustadhus) kan ein i dag finne på Valdresmuseet på Fagernes.

Marken (Skattebumarke) (39/3)

tun i Skattebu, så og seia intakt. Tidlegare liten husmannsplass. Seks SEFRAK-bygningar.

Øvre Sæle, (25/1), Tre SEFRAK- bygningar. Tunet ligg ved Sælshagadn. Smal grusveg til bygningane. Også murar etter ein husmannsplass på tomta.



Figur 13. Bygning, Øvre Sæle 25/1

Skalet, (5/129). Bygningar frå 1850 til rundt 1900. Alle i SEFRAK-registeret. Totalt 8 bygningar (2 står så tett, ser ut som eitt) Våningshus, stall, fjøs, låve, kvernhus, trøstogo, smie og buahus. Nokre av bygningane er nyleg restaurerte.

Lafta **våningshus** i to høgder med akershusisk grunnplan. Huset er frå 1850-åra, men vart ikring 1900-talet pussa opp i samsvar med den tids byggestil. Fronten vart panelt, med lafttekasser på hjørna. Vindauga og døra er typisk empire, og taket er tekt med hoggen skifer. Lafta **buahus** i to høgder med vedskjul i tilbygg. Buahuset er truleg bygd ikring 1850, medan vedskjulet i bindingsverk er frå fyrst på 1900-talet. Buahuset har treromsplan. Lafta **stall** med innebygd sval i bindingsverk. Innevendig er huset delt i to med ein liten skiljevegg, og andre høgda blir nytta til lagring av for. Stallen er truleg bygd ikring 1900. Lafta eittroms **fjøs** som står på stolpar. Huset er bygd like før 1900-talet. Nytt bølgeblekktak er lagt seinare. Treroms **låve** i lafta tømmer. Svalgangen på austsida er innkledd og låven står på stolpar. Bygningen er frå ikring 1900. **Kvernhus** er eittroms hus i lafta tømmer med hoggen skifer på taket. Kvernhuset er truleg frå slutten av 1800-talet, og det har også vore nytta som eldhus. Huset ligg heilt i utkanten av eigedomen. Så langt ein kjenner til, er dette einaste bevarte kvernhuset som står att i Øystre Slidre. **Trøststogo** eit lafta eittroms hus med torv på taket. Inngangsdør på gavleveggen. Det blir hevda at huset også har vore nytta til røyking av kjøt. Ein trur huset er bygd på slutten av 1800-talet.

Løken prestegard/enkeprestegard (34/151). Her er det 26 bygningar, der 11 av dei er verna. Det har vore forsøksgard her sidan 1922, då forsøksgården var på nabogården dei fyrste åra (Oppstart 14. april 1918, då etablert på Nedre Windingstad (33/5)). Støl på Bergset. Formålet med fredinga (Statens kulturhistoriske eiendommer) er å ta vare på driftsbygningen som del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø frå tida

som prestegard og forsøksgard for fjellbygdene. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljane, så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauga, samt materialbruk og overflater

3.3 Kyrkjer, skular og andre bygningar

Det er i alt 4 kyrkjer i Øystre Slidre. I tillegg er det eit kapell på Beitostølen. **Rogne kyrkje** er ei åttekanta kyrkje som blei innvia i 1857. Kyrkja har vernestatus listeført (etter 1850). Før låg Rogne kyrkjestad omtrent 1,8 km lenger nord på det me kallar **Kyrkjeberget**, ved Kyrkjebergvegen. **Lidar kyrkje** sto ferdig i 1932 og er bygd i tre. Lidar kyrkje har vernestatus listeført (etter 1850).

Volbu kyrkje er bygd i tre og oppført i 1830. Før den tid var det stavkyrkje her, heilt tilbake til 1150. Dagens kyrkje har vernestatus automatisk listeført (1650-1850) og blei bygd over ei gamal stavkyrkje, rundt 1820. Plasseringa er i dele med dei fire gardane, Løken, Onstad, Jørstad og Veningstad. **Stupulen** som står ved Volbu kyrkje ligg på ein stor urørd gravhaug og har to romerske kyrkjerklokker i karakteristisk blåklokkeform frå 1100-talet. Heile bygningsmiljøet rundt Volbu kyrkje er verdt å ta vare på og har hensynssoner i eksisterande arealdel.

Hegge stavkyrkje (figur 7) er bygd i tre og er oppført i år 1216. Kyrkja har vernestatus automatisk freda. Altartavla i Hegge kyrkje er skoren i Gudbrandsdalen. Fire menn drog henne over fjellet på ski, og då seier historia at Judas fall av og vart borte. Seinare blei Judasfiguren funnen att. Særmerkt for Hegge stavkyrkje er dei 10 hovuda i tårnet. Den eine med eitt auge og tunga utav kjeften. Dette trur ein er Odin.

Heggeklukkelåtten e. Guri Hegge: «*langvega Beitadn, seint koma Sjeladn, alle senast kom Heggjissadn*».

Kyrjeklokkene er frå middelalderen. **Stupulen** er ein mindre bygning/tårn ved kyrkja, som fungerer som eit klokkehus med to klokker i, ei stor og ei mindre.



Figur 14. Hegge stavkyrkje. Ein ser til høgre i bilete stupulen. Bilete henta frå kirkesok.no

Det blir framleis arrangert stølsmesser i Øystre Slidre. Den fyrste blei arrangert i 1913. Dette var eit høgdepunkt på sommaren, då ein kunne kome til andre stolar og ein fekk treft andre.

Skular

Volbu skule var den fyrste fastskulen som blei oppretta, alt i 1852. Dette huset fungerte og som kommunehus i fleire år. Ny skule bygd i 1941. Skulen blei lagt ned i 2009. Frå 1887 fekk Lykkja og Beito fast skulestad, kalla **Beito skule**. I 1924 blei huset restaurert og det blei bygd på ein etasje til. Skulebygget var i bruk som skule fram til 1981.

Det var ikkje fast skule i Dale før i 1924, fram til då hadde dei leigd seg inn på ulike gardar i området. **Dale Skule** var i bruk som skule til litt innpå 1960-talet.

I 1897 blei Søndre Hegge krins og Robøle omgangsskule slegne saman og flytt frå Hegge kyrkje (i skiftet mellom

Presthegge og Bakko), der den hadde starta opp alt i 1868, og flytt ned til det så blei kalla **Heggebø skule**, der det i dag er barnehage.

Midtre Hegge skule vart innvigd til bruk i 1867, den sto då ved garden Skammestein (10/3) Midtre Hegge **nye** skule sto ferdig i 1955, då plassert noko lenger nord i kommunen, der dagens Lidar skule står. Bygget frå 1955 blei riven i 2011.

Nørre Rogne Skule (43/6), skulehuset blei teke i bruk i 1863, bygningen står langs det som i dag er Kyrkjebergvegen. **Sørre Rogne skule** (bygningen er i dag bustadhus) var tatt i bruk frå 1863. Begge i november same år. **Rogne skule** bygd i 1921, er i dag riven. Ny skule står på same plass. Det var også skulehus i Røsslend frå 1892 til 1962. Både skulen i Volbu og Nørre Rogne blei fram til 1922 tidvis brukt som banklokale.



Figur 15. Nørre Rogne skule (43/6)

3.3.1 Andre bygningar

Stavkyrkjemuseumet i Volbu

Her er det samla mange gjenstandar og rester frå materialar og utskorne portalar frå den gamle stavkyrkja. Dette vart funne under kyrkjegolviet ved ei restaurering på 1980 talet.

Øystre Slidre ysteri ligg i Heggnes sentrum. Ysteriet blei bygd i 1928. Spørsmålet om ein skulle bygge eit ysteri var oppe i heradsstyret alt i 1893. Ysteriet vart sett i drift frå 3.april 1929, og var i drift til 1994. Bygningen er med i Flåklypa-filmane, og med si markante pipe er dette ein viktig bygning i bygda.

Badehuset på Furustrand er bygd i samband med Heggnes hotell. Einaste bygningen som står att etter at hotellet brann ned i 1952. (80 senger) Det var ikkje grunnlag for å bygge det opp att. Heggnes hotell blei bygd opp rundt 1893, med 25 soverom og plass til 45 gjester. I 1903 blei det bygd eit nytt hotell i 3 etasjar.

Helsehuset (27/33) som står i Heggnes sentrum blei bygd og sto klar i 1954 og var svært moderne i si tid. Det var legekontor, helsesyster og tannlege nede, og leilegheiter oppe. **Ragnhild Sørbo** var jordmor i Øystre Slidre i over 40 år. Ho og distriktslegen tok i 1949 initiativ til helsekontroll for mor og barn. Ho gjorde om kjellaren heime hjå seg til **fødestogo**, som blei bygd i 1956. Ho gav seg i 1977 og fødestogo blei nedlagt.

Solbakken hotell (10/8). Dette huset står framleis, men no brukt som einestad. Huset blei bygd i 1906. Her var det hotell med 5 soverom, landhandel og feleverkstad med produksjon av strengar. I tillegg var det bustad for dei som dreiv plassen.

3.4 Stader

Kvithøvd med varslingsvarde. Er eit av Nord-Europa høgstliggande skogkledd område, på 1001 meter over havet. Varde på toppen har vore varslingsvarde truleg frå vikingtida, gjennom mellomalderen og fram til 1814. Det har også vore eit sanatorium opp på Kvithøvd.

I Øystre Slidre har me **to bergflagg**. Eit ved Klukkarberget, Sørre Trollåsen, som kom opp i 1934.

Dette er måla opp att fleire gonger og skal opphavleg ha vore ein privat protest. Det andre er i berget over Lidar skule. Det blei måla 26. september 1972, som ei markering for at Norge stemte nei til EF-medlemskap.

Herangsbakken sto klar i 1927, høgtidelg opna med skirenn 27.mars 1927. Den låg litt lenger nordvest enn det dagens bakke gjer, med utsyn mot Heggfjorden og Heggnes. Dagens hoppbakke ved lysløypa blei til på 70-talet. Øystre Slidre idrettslag vart stifta i 1904. Rogne idrettslag i 1959.



Figur 16. Bilete frå opningsrennet i 1927. Bilete er henta frå «Før i ti'n 2» og utlånt av Øystre Slidre historielag

Danseplassar var plassar folk samlast til leik og moro. Det var naturlege grassletter. T.d. hadde du ei runddehaugen i Beito, Erstadkampen i Hegge og Juvikåsen i Kollstad.

3.5 Industri

Det har vore mykje småindustri og verksemdar i kommunen som har laga mykje forskjellig, m.a. båtmotorar, skåp, treutskjering, otrar, dette har hovudsakleg vore ein-mannsbedrifter.

Erik Bjørnstad snikkerverkstad på Juvberg. Her vart det laga skåp, glas og dører. Dei leverte stilmøblar til Oslo, frå 1933 og heldt på til 1960-talet. Det var opptil 6 arbeidsplassar.

K. Ø. Rudi var felemakar og utdanna i Tyskland. Han laga m.a. feler, felestrenger og otrar. Han hadde eit strengeslipeverk med maskiner av eigen konstruksjon. Sonen Øystein Rudi heldt fram med arbeidet. No er den gamle verkstaden flytta til museet på Fagernes.

Ved **Høvsfossen** som ligg på grensa mellom Øystre Slidre og Vestre Slidre. Her utnytta ein fossen som ei kraftkjelde. Her var det eit lite industriområde, med m.a. snikkarverkstad, sagbruk, høvleri og frå 1912 ein mekanisk verkstad. Alt blei nedlagt i 1883 då eigaren reiste til Amerika. I Vestre Slidre kalla dei det Fauskefossen, og i 1892 blei det kjøpt og vestreslidingane laga ein dam som leidde vatn inn, slik at dei hadde kraft til både oppgangssag, sirkelsag, høvelmaskin, to kverner, grynstein og kornturke. Dette blei då den fyrste og største snikkarverkstaden med moderne maskiner. Her blei det laga alt mogleg, frå feler, innleggsålar, gravstøtter og kaffibord av skifer. Dei fekk også i stand eit lite kraftverk som gav lys til verksemda. Her blei også båtmotoren «Vestheim-motoren» produsert, av Torleif Jørstad som var kjent som eit teknisk geni. Han tok aldri patent på denne motoren. Verksemda blei nedlagt i 1921.

Dale Mølle attmed Dalsfossen kom i bruk rundt 1892. Kvernhuset brann ned rundt 1900, men blei bygd oppatt. Mølla var ei bygdemølle med heile tre kvernkallar og var i bruk fram til 1958. På slutten av 1990-talet blei det gjort eit større dugnadsarbeid for å redde dette kulturminnet, og i oktober '97 var arbeidet ferdig og syner korleis det var der rundt 1930. Kvar haust set eldsjeler og historielaget i gang mølla og demonstrerer korleis den fungerte.

Valdres Skiferbrot var den største industriarbeidsplassen i Øystre Slidre og Valdres. Det var skiferuttak fleire stader, men det var berre i Kollstadbygda det blei ordentleg industri av det. Det arbeidde mange i sjølve gruva, men også med å gjera rå-skiferen klar til taksifer, og til vidaresending og frakting av stein ned til Fagernes. På det meste var det truleg over 200 mannfolk i arbeid i og omkring skiferbrotet. I folketeljinga i 1900 var det registrert vel 100 karar, med direkte tilknytning i skiferbrotet.

Truleg byrja ein i Valdres å ta i bruk skifer til takteking på 1600-talet ein gong, medan det å forme skifersteinen til nokolunde like heller var vanleg frå starten av 1700-talet. Skifertaket på Lomen stavkyrkje er frå 1749, med skifer frå Øystre Slidre.

Frå 1899 (oppstart Valdres skiferbrud as) til 1906 (Valdresbanen) blei så og sei all skifer frakta med hest. Mellom Fagernes og skiferbrotet ligg Steinvegen/Selskapsvegen. Det var planar om å byggje togbane heilt fram til skiferbrotet, men det blei aldri noko av. Den største epoken i skiferbrotet var på starten av 1900-talet og fram til mellomkrigstida.

I 1915 kjøpte Valdres Skiferbrot A/S eit jordstykke i nærleiken av skiferbrotet og bygde ti arbeidarbustader, som var ganske små og bygd i ei og ei halv høgde. Til kvart hus høyrde det til ein liten jordflekk der ein kunne dyrke litt grønsaker og liknande. Området blir lokalt kalla Texas.

I 1952 fekk kommunen tilbod om å kjøpe alle rettigheitar som A/S Valdres skiferbrudd hadde i Øystre Slidre. Etter ein lang diskusjon blei det kjøpt for 200 000 kr. Dette innebar gruver med utstyr, ti arbeidarbustader, 300-400 dekar skog, støl på Juviken, og Storefoss kraftstasjon med bustad og fallrettar. Skiferen er også i kommunevåpenet til Øystre Slidre.

12. juli 1997 blei det opna eit eige skifermuseum i

kontorbygningen hjå Valdres Skiferbrot.

Storefoss kraftstasjon sto ferdig i slutten av 1907, vart sett i drift i 1908 og skaffa om lag 160 kW. Dette gav skiferbrotet elektrisk kraft og mykje av arbeidet med skiferen blei mykje enklare. 160 kW var meir enn skiferbrotet hadde bruk for og resten av krafta blei seld til andre i bygda i mange år. Storefoss kraftstasjon var ein av dei fyrste kraftstasjonane i Valdres av ein slik storleik.




Figur 17. Storefoss sag og kraftstasjon. Henta frå nb.no

3.6 Jakt, fiske og fangst

Jakt, fiske og fangst har i alle tider vore viktig i Øystre Slidre. Store deler av fjellområda i kommunen har vore statsallmenning sidan 1909, grensene blei fastsett i 1937 etter lange rettsforhandlingar. Det er vanskeleg å setje verdi på avkastninga knytt til fiske, jakt og fangst. Særleg nord i bygda har fangst og jakt vore viktig. Rein, rev, hare og rype var god attåtnæring og godt betalt. Tidlegare er det utalt at «Utmarka er kan hende ei av dei viktigaste årsakene for at tilreisande finn vegen til bygda». Noko som framleis stemmer på mange måtar.

Fiskesløer har vore utbreidd i heile landet (spørjing frå 1936), men flest har vore plassert i Oppland. I Øystre Slidre har det blitt registrert 68 stk. I følgje eldre dokument var det ei fiskesløe i Rabalsvatnet rundt 1419.



Figur 18. Innsjøar og elver i Øystre Slidre, der sløeplassane er viste med punkt. Firkant viser at det har stått fleire sløer på eit avgrensa område. Henta frå Sløefiske i Oppland, Hesthagen, T.

Det er ein gamal fangstmetodikk, som er eit faststående og sjølvfiskande reiskap som vert sett opp i elver og bekkar. Normalt har fiskesløene vore bygd som ei kasse med langsgåande slinder. Ovanfor kassene har det som regel vore mura ein sløegard av stein som «styrte» fisken inn i sløa når han kom rekande med elvestraumen. Når fisken datt ned i slinder så blei den ståande i eit «rom» under vatn, slik at fisken held seg levande. Fiskesløene blei hovudsakleg sett opp i elver og bekkar. Dei var i hovudsak i bruk fram til starten av 1900-talet, og i 1932 blei det gjort vedtak på å forby bruken av alle type sløer i Øystre Slidre, med unntak av dei elver og bekkar som grensa til nabokommunar, men vedtaket møtte sterk motstand og blei oppheva tre år seinare. I 1948 blei det

forbod mot alle typer sløer i statsallmenningen. Enkelte stader var fiskesløene i bruk heilt fram til 1980-talet.


Ved Seksisbekken, nokre hundre meter før den renn ut i Bygdin er det ei sløe som blei restaurert i 2008. Den skal ha høyrte til Lykkjegardane og syner framleis konstruksjonen av anlegget.

Rakfisk er ein mattradisjon kan sporast heilt tilbake til 1300-talet, i Valdres kan produksjon og sal med sikkerheit førast tilbake til 1600. Det er ein metode for å konservere og lagre fisk som har vore særleg utbreidd i dei indre dal- og fjellstroka i Sør-Norge. Det har vore vanleg å nytte fjellaure eller røye, i dag nyttar ein hovudsakleg regnbogeaure frå oppdrett. Rakfisk frå Valdres er godkjent som ein beskytta geografisk nemning.

3.7 Stigar og ferdselsårer

Det er eit stort nett av vegar, stigar og krøtterstigar i Øystre Slidre. Mange av desse går i frå bygda til fjellet, i samanheng med heimstølar og langstølar og brukt til å flytte dyr og menneske i mellom. Dei aller fleste er nok tatt tilbake av naturen, då bruken i stor grad har opphøyr. Stigane bidrog til å knytte stølane i hop. Vegen over Valdresflye er verdt å nemne her. Ein starta bygging av vegen i 1937, men vart avbroten av krigen. Dei starta opp att etter krigen, rundt Heimdalsmunnen. Då tok dei i bruk bulldosarar, og dei vart sett på som ei openbering.

Namn på ulike stigar på Beitostølen, også kalla reksler; Skogsstien, Beitegoto, Stølagoto, Beitastigen og Geitestigen.



Figur 19. Rosa er Stølagoto, Grøn er Beitastigen og turkis er Geitestigen, svart er Stølspestien. Kartutsnittet er tilsendt.

Tyskerstigen går framom Bitihorn, på Beitostølsida. Denne stigen og andre spor i terrenget rundt fjellet Bitihorn er minne etter tyske og austerriske alpejegerar som trena her sommaren 1942. Bakgrunnen for «besøket» var behovet for trening i vanskeleg fjellterreng, for i 1941 hadde det tyske krigsmaskineriet kasta augo sine på oljekjeldene i fjellområdet Kaukasus. Soldatane vart difor sende til Noreg og Jotunheimen for å trene på krig og klatring i fjellet. I Øystre Slidre var området Båtskaret – Hødnstølen – Bitihødn øvingsplass». Noko som er litt spesielt er at dei her trente med esel.

Frugevegen er ein veg som i dag, i all hovudsak berre lever på folkemunne. Eit segn fortel om ei rik fruge (frue) frå ein storgard ved Mjøsa. Ho eigde ein del jord i Øystre Slidre. Straks det var farbart på våren/sommaren kom

denne frua oppover til Valdres. Vegleia ho brukte blei kalla Frugevegen og gjekk truleg gjennom Øvre Snertingdal, Torpa, inn på aust-åsen i Etnedal og også nordover mot Steinsetbygda, Grøsslie, langs vestsida av Mellsenn, over Nerrevatnet, nordvestover etter Bergo, Klavo, Skreodalen, ovanfor Kvitehaug, over Hanakne, forbi Tøsteinsbrøting og Rolandsgården til Skattebu. Ved Skattebu delte vegen seg i to, der truleg den ein delen blei ein del av det me i dag kallar Kvamsvegen.

3.8 Handverk

Som mange andre plasser her i landet har drakkttradisjonen sitt eige særpreg i Valdres og Øystre Slidre. Ein kan nemne, pannelin, bringedukdrakt, mørstadstoff, livstakk og robølestoff og kjerringrull som nokre stikkord for den type kulturminne. Kunnskapen blir praktiskert i dag og er avhengig av å bli ført vidare gjennom bruk.

Båtbygging. Me ser at Skammestein har vore eit kjerneområde for bygging av båtar. Frå midten av 1800-talet leverte t.d. Perslett-karane båtar til «heile» Valdres. Dei bygde båtar som var tilpassa Vinstervatn, stødige, med god plass til fisk og utstyr. Båtane hadde grunn kjø og flate og var breie i botn, noko som gjorde dei gode i både elv og i fjellvatn.

Firfletting. Eit handfletta juleteppe/handkle som hang over kristenteppa/åkle rundt juletider. Stort sett av lin, men også bomull og ull.



Figur 20. Julehandkle med firflettingsmønster over eit åkle. Foto: Kolbein Dahle.

3.9 Folkemusikk

Folkemusikken er immaterielle kulturminne og må brukast for at det skal bli tatt vare på. Det blir overført frå generasjon til generasjon.

Folkemusikktradisjonen har stått sterkt i Valdres og særleg i Øystre Slidre. Øystre Slidre spelemannslag blei stifta i 1943. Laget arbeidde den gongen med å ta vare på den gamle hardingfelemusikken med Ola Okshovd og Knut Ø. Rudi som leiarar. I 1974 skifta det namn til Øystre Slidre spel- og dansarlag. Laget held framleis på med Marit Karlberg som leiar. Det har vore dyktige instrumentmakarar i Øystre Slidre og omfattande og lange tradisjonar på dette.

Langeleik og feleproduksjonen til Rudi. Den var ganske omfattande, også i nasjonal samanheng. Strengproduksjonen deira er framleis pågåande, og forsyner hardingfele og langeleikspelarar i heile Noreg.

Mange instrument med sterke tradisjonar er m.a. hardingfele, langeleik, toradar, trekkspel og munnharpe. Av dans er det springar, bonde, halling og runddans.

Låttenamn som peikar på stadnamn eller personar frå Øystre Slidre:

Beitingen i Hauge, Beitoaugen, Bustebakkin, Gamle Vølin, Grobakkjagaren, I Oletjedn, Istad'n, Jahas i Hauge, Knut nie garde på Dale, Knut Vårums springar, Liahaugen, Låtten hass Nils på Tørto Låtten hass Torgeir Hegge, Låtten henne Ragnhild i Rolandsgarde, Låtten åt Kaner'n, Låtten åt Veltekremare, Ola i Vølbu, Røynelåtten, Sagahaugen, Skatrudbergen, Store Skøltin, Svein i Lio, Svein i Sygarde, Ukshovden, Vesle Ola Sæle, Vælkomin heim att i frå Beitegardo

Låttestev med stadnamn/personar frå Øystre Slidre:

O jø, o jø i disse dage
På Vøle ha dei so ølme svin!
Fyst beit dei førderva'n Jahas Dale
O sia rende dei i foten min!

Skak de skak de Bjødn i Rennun
Enno rugga du de der
I Rennun æ det so godt å vera
Der vekse det mykji tytebær
Plukke tytebær alle daga
Det æ so tungt på foret draga
Leggji se upp eit anna sne
Kjøre foret ovate

Smørningskula åt Jæla (mann på Gjæro)
Set ho ut so ho tæla
Ta ho innatt o ti`o

Vri so i ei vio
På rygge o på sio

E reiste frå Ersta te Ista te Mo
Frå Mo te Hjelle, frå Hjelle te Lo
O sia te Ellesta te o Andris
So bar det igjønno ei bjørkedalsli
Beito, Grønole o Lykkja førbi
I Skrebergo vilde mø kvile

Kyrkjeklukkelåttar:

Vølbu: Tøllebarbukkadn, kvitmusabukkadn, austa åsadn,
austa åsadn

Hegge: Langevega Beitadn, seint koma Skjeladn,
Skjeladn, Skjeladn

Song/langeleik spesielle for Øystre Slidre

«I Olekjedn, Olekjedn,
der tapte eg burt vesle guten min,
der toko dei guten i berget inn.
Det døra i dalo, det ringi i kjinn,
å alder, alder, alder finn eg att guten min.
Eg uppå ein haug,
eg huga o skreik,
men eg såg han 'kje meir.»

Vingstre av Olav Rudi.

Ner hegg o konval bomstra, o jonsøk stunda te,
då blenkte Vingstre 'gjønno hug o tanke.
Mø gikk der drogst o stunda – ja både følk o fê –
te mø ei natt på Vingster-veg fekk vanke.
O natte still o døgga, va mild o mjuk o blå,
dæ dæma gøtt or lio, tå rabb o lyng o strå.
- Men langt i aust mæ timde Store-Skage.

...

Då kjende e dæ tok me so mjukt kring hjarterot,
o tusen bådminno framatt strøymde.

*Der såg e kjære Vingstre, ho blenkte me i mot
som føre – ner e min fine soldraum drøymde.
Eit gullslott såg e stige bak isblått jøkulland,
der tårn o tinda løga o himil'n sto i brann
langt vest der Falketind i solglans blødde.*

3.10 Krigsminne

Bautasteinen utanfor Tingvang blei reist til minne om dei som falt i krigen i 1814, avduka den 17.mai 1914. Den blei henta midtvinters, og dei brukte 4 dagar frå Taraldstølen og ned til Tingvang, på det meste var 14 hestar og 24 mann samla for å flytte steinen.



Figur 21. Frå avduking 17.mai 1914. Bilete er henta frå før i tie 2 og er utlånt av Signe Skammestein.

Aksjon Almenrausch. Våren 1944 hadde Furubotngruppa søkt tilhald i området ved Vangsjøen. Angrepet i starten av juni 1944 kom overraskande på motstandsgruppa som hadde delt seg i to. Tyskarane greidde å få tak i 11 av medlemmene, medan 14 kom seg

unna. Desse greidde seg resten av krigstida. Av dei som vart arresterte, vart ein skoten i februar 1945. Stølsbusa og hyttene på Røysåne og sela i Rabalen vart brende. I ettertid er det sett opp ein minnestein om dette angrepet ved Buahaugen der Røyre renn ned i Rennsenn.

4 Strategi og handlingsplan

Kommunen ynskjer med dette å få på plass ein langsiktig strategi og ein handlingsplan som blir jamleg oppdatert. Dette vil gje dei mange og mangfaldige kulturminna eit større fokus. Oppgåver knytt til forvaltning og handtering av kulturminne og kulturmiljø må plasserast. Dette blir plassert og synleggjort i handlingsplanen (vedlegg 1). Kulturminne og kulturmiljø skal i Øystre Slidre brukast som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

4.1 Handlingsdel

Handlingsdelen (vedlegg 1) skal reflektere og sikre oppfølging av dei måla som vart sett innleiingsvis i kulturminneplanen. Den skal danne grunnlag for kommunen sin kulturmiljøforvaltning. Her blir tiltak konkretisert og prioritert. Tiltaka er av ulik karakter, men har til felles at dei skal støtte opp om kunnskap og formidling av kulturminna. Dette sikrar at Øystre Slidre kommune i større grad sikrar kulturmiljøet og dermed også ein del av kommunen sin identitet og særpreg. Tiltak i kulturminneplanen sin handlingsdel må takast inn i kommunen sine øvrige styringsdokument, og skal reviderast kvart 4 år.

5 Oppslagsdel

5.1 Omgrep og definisjonar

Automatisk freda kulturminne: Omfatter synlege og ikkje-synlege kulturminne frå før 1537 (arkeologiske

lokaliteter), ståande bygningar frå før 1649, samt skipsfunn og samiske kulturminne eldre enn 100 år. Kulturminne av denne typen som ikkje er registrert, er også automatisk freda.

Freda: Vedtaksfreda eller automatisk freda kulturminne

Hensynssone bevaring: Plan og bygningsloven 11-8 c. Gjev moglegheit til å avsette slike område for å sikre bevaring av kulturminne av regional og/eller lokal verdi.

Immaterielle kulturminne: også kalla immateriell kulturarv – er levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap som blir overført mellom folk. Kunnskapen blir praktisert i dag og ført vidare gjennom kreative uttrykksmåtar, slik som handverk, musikk, dans, mattradisjonar, ritual og muntlege fortellingar. Sjå meir på immateriell kulturarv.no

Kulturminne: Alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, medrekna lokalitetar det knytter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.

Kulturlandskap er landskap som heilt eller delvis er blitt omforma frå ein opprinneleg naturtilstand på grunn av menneske sin verksemd. Uttrykket er av generell karakter og omfattar både bygd, by- og industrilandskap.

Kulturmiljø: Område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng. Viktig å sjå større heilheitar enn enkeltobjekt. Kulturmiljø kan t.d. vera bygningsmiljø i tettstader eller byar og kan også omfatte forskjellige typar kulturminne som står i tematisk eller funksjonell samanheng med kvarandre

5.2 Aktørar i kulturminnevernet

Riksantikvaren sortere under klima- og miljødepartementet og er det direktoratet som har det

nasjonale faglege ansvaret for kulturminnevernet. Riksantikvaren har ansvar for å grupe inn dersom kulturminne av nasjonal betydning er trua.

Innlandet fylkeskommune er regional styresmakt og forvaltar det statlege ansvar gjennom delegerte oppgåver frå Riksantikvaren. Fylkeskommunen fører tilsyn med freda kulturminne og har avgjerslemynnde.

Musea har ansvar for innsamling, restaurering og formidling av gjenstandar og for dokumentasjon av immateriell kulturarv.

Statlege etatar, er ansvarlege for å utarbeide landsvernplan for sin sektor. Dei har også ansvar for å utarbeide og oppdatere forvaltningsplanar for sine kulturhistoriske eigedommar.

Øystre Slidre kommune har ei nøkkelrolle når det gjeld å sikre kulturminne i eigen kommune. Gjennom samfunns- og arealplanlegging er plan- og bygningsloven det viktigaste verkmiddelet. Kommunane har eit spesielt ansvar for kulturminne av lokal verdi, og kan sjølve velje å sikre kulturminne som er viktige for lokalsamfunnet, sjølv om dei ikkje har ein regional eller nasjonal verdi. Ved at viktige kulturminne «settes på kartet» skal kommunen kontrollere at verneverdige og freda kulturminne ikkje blir rivne eller forandra utan at fagmyndigheitene har hatt moglegheit til å uttale seg. Kommunen skal også passe på at ikkje kulturminna sine omgavnadar blir øydelagt, at ein ikkje bygger for nær eit freda kulturminne og at ny bebygging harmonerer med eldre verneverdige bygningsmiljø. Ein av dei viktigaste oppgåvene kommunen har er å formidle og leggje til rette for opplevingar av kulturminne. Kommunen har også ansvar for forvaltning av nyare tid sine kulturminne som ikkje er freda og for eventuelle freda og verneverdige bygg i kommunen sitt eige.

Eigar sitt ansvar: Dei fleste kulturminne er i privat eige. Eigaren si vilje, kompetanse, økonomi og erfaring er avgjerande for at kulturminne og kulturmiljøet skal bli ivaretekt og brukt på ein berekraftig måte. Det er offentlege og private støtteordningar som kan bidra fagleg og økonomisk i dette arbeidet, men ansvaret for bevaring, restaurering og hovudfinansieringa ligg på dei som eige kulturminne.

Frivillige organisasjonar og velforeiningar, t.d. Fortidsminneforeningen, historielaget og Verneføla tar ansvar for kulturminne ved å øve press i kulturminnesaker, og engasjere seg for bevaring i enkeltsaker. Fleire organisasjonar tar også på seg skjøtsel, skilting, dokumentasjon eller andre formidlings-, innsamlings- og sikringstiltak.

5.3 Tilskotsordningar

Det finst ei rekke tilskotsordningar som retter seg mot private eigarar av bevaringsverdige bygningar og miljø. Lista under er ikkje uttømmende. Kommunen anbefalar at ein går inn på nettsidene til dei ulike støtteordningane for å få utfyllande informasjon og avgrensingar og moglegheiter. På nettsidene til **Riksantikvaren** er det mykje god informasjon om tilskotsordningar.

Norsk kulturminnefond er ei statleg tilskotsordning og eit lågterskeltilbod for private eigarar av verneverdige kulturminne, gir støtte til antikvarisk istandsetting av bygningar. Kommunen kan gi ei uttale angående objektet det blir søkt om. Det er ingen søknadsfrist og ein kan søke om tilskot til faste kulturminne, sikringstiltak, fartøy og båtar, fagseminar, rullande og bevegelege kulturminne og formidling. Sjå meir informasjon på www.kulturminnefondet.no.

Bygningsvernrådgiar har tilhald ved Valdresmusea og

arbeider for å gjere bygningsvernet meir synleg og tilgjengeleg for folk flest. Dei tilbyr ein dag med gratis synfaring, råd og rettleiing rundt planlagde tiltak eller tilskotssøknader.

Kulturarv har hatt eit prosjekt som heiter Rydd eit kulturminne. Her er det framleis nokre midlar skular, barnehagar og idrettslag kan søke på. Prosjektet hadde som mål å aktivisere barn og unge gjennom rydding eller skjøtsel av kulturminne. Enkel søknad og tre bilete av prosjektet som skal ryddast kan sendast til randi@kulturarv.no

Ta eit tak er ein aksjon som blir arrangert av Norsk kulturarv. Her kan ein søke støtte til tiltak som retter seg mot bygningar som har ein kulturhistorisk verdi. Det er litt ulike kriterier og fokusområde frå år til år, det blir heller ikkje løyvd ut pengar kvart år. Ta et tak blir annonsert på Norsk Kulturarv si nettside: www.kulturarv.no.

Innlandet fylkeskommune har midlar ein kan søke på til m.a. tekniske og industrielle kulturminne, strakstiltak/sikringstiltak på freda bygningar og anlegg, istandsetting av freda bygningar og anlegg, forundersøking av freda bygningar og anlegg og arkitektfagleg bistand for freda bygningar og anlegg. Vilkår og søknadsfristar finn ein på innlandetfylke.no.

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er lokalt forankra miljøtilskot som skal fremme natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureining frå jordbruket. Du kan søke støtte dersom du eig eller driv landbrukseigedom. Tilskotet gis til enkelttiltak, m.a. til ivaretaking av gamal kulturmark, kulturminne og kulturmiljø gjennom skjøtsel, vedlikehald og istandsetting. Det kan også gis støtte til planlegging og tilretteleggingsprosjekt. Prosjekta og tiltak blir prioriterte ut i frå Øystre Slidre sin kommunale strategi. Søknadsfrist er 1.juli.

Regionalt miljøprogram (RMP) skal gi ei meir målretta miljøinnsats i jordbruket. Det gis årleg tilskot til gardbrukarar som har rett til produksjonstilskot og som gjer konkrete miljøtiltak innanfor m.a. kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljøa og friluftsliv og tilgjengelegheit. Søknadsfrist er 15.oktober.

Stiftelsen UNI er ei stifting med ideelt formål å fremme allmennyttig verksemd innan skade- og miljøvern, for derved å bidra til ei trygg utvikling i det norske samfunn. Stiftinga sitt bidrag skal i fyrste rekke vera økonomisk støtte til prosjekt og bidrag til institusjonar og enkeltpersonar. Søknader blir handsama fortløpande etter fastsette styremøte (6 stk. i året). Vilkår og meir informasjon finn du her www.stiftelsen-uni.no

6 Kjeldeliste

- Bø, O. G. (1989) Helg og syke, tradisjonslitteratur frå Valdres. Valdres Trykkeri, Fagernes.
- Dahle, B. (1988) *Kulturminner omkring Beitostølen*.
- Hauge, E. O., (1965) *Så nær under Bitihødn, flanerier om beiter og Beitostølen*.
- Hesthagen, T (2011), Sløfiske i Oppland. NINA temahäfte 46.
- Hvattum, . På gamle vegar i Valdres (1993) Valdres forlag og Valdres folkemuseum.
- Hovi, N, Øraker, O & Jørstad, N. (1949). *Øystre Slidre 1849 – 1949 Minneskrift*. Gjøvik, Mariedals boktrykkeri.
- Fjell og Vidde nr 5 1976- den norske turistforening. Jotunheimens forgård. Mellom Gudbrandsdalen og Valdres. 108 årgang.
- Lauvrud, K. (1993) Øystre Slidre spel- og danselag 50 år, 1943-1993. Engers boktrykkeri A/S, Otta.
- Martens, I. *Arkeologiske undersøkelser i Jotunheimen*, 1967. Universitets oldsaksamling, Oslo.

Møller, A (2003) Beitostølen, frå stølsgrend til turistmetropol. Lokalhistorisk forlag, L illehammer.

Nerstad, O. (1989) Gløtt frå skiferverksemda mellom Kvitehaugen og Skarvemellen, Valdres Trykkeri, Fagernes.

Onstad, R., (1976). *Gamle firflettingsmønster*. –

Paulssen, R. B. (2007). Trefningene ved Buahaugen og Rabalen 13.juni 1944.

Robøle, O. (1999). Øystre Slidre kommune 1849-1949

Rudi, O. (u.å) Songar frå fjell. Valdres Trykkeri.

Sandberg, M. (2005) Fjell'gøtt. Fjellbygd-Akademiet. Land trykkeri Dokka.

Sandberg, M. & Nordal, K. (xxx) Fjernsætning – ein 400 år lang historie.

Skattebo, G (1992) Skiferen i Valdres.

Svensson, K (usikker; 2009/2010??) *Innsjøbåtar i Valdres – og litt om historia rundt dei*.

Valdres bygdebok band 3, del 2.

Øystre Slidre historielag, (2020) *Før i t'n 2*

Årbok frå Valdres, 1979, Hovsfossen, s. 68-75.

Årbok for Valdres, 1994. S 185-188.

Årbok frå Valdres 2001, Samlingar i Øystre Slidre, ulike kulturminne og Lyskapellet på Beitostølen. s. 58-73, 170-177.

Årbok for Valdres, 2007, s 176-188 og 191-196

Årbok for Valdres, 2008, Kvithøvd, forsamlingshus og danseplassar. s. 45-54

Årbok for Valdres, 2010, Firfletting, Møbelsnekkar i Juvike, Rudikarane. S 110-111, 114-125, 132-139.

Årbok for Valdres, 2012, Skiferbrotet og fjellkapellet. S. 67-71, 90-96 og 153-160.

Årbok for Valdres, 2015. Rogne kyrkje og krigsminner, s. 128-138 og 177-182.